



**Det Kongelege kommunal- og
regionaldepartementet**

Postboks 8112 Dep

0032 OSLO

KOMM. OG REG. DEP

28 JAN 2008

Ark.

Avd.

Dykkar ref.
07/2419-1 HER

Vår ref.
05/931-11

Arkiv
N-100/

Dato:
24.01.2008

Sørheimutvalet - høyringssvar frå Ullensvang herad (1231)

Me viser til brev av 26.10.2007 frå Kommunal- og regionaldepartementet.

Ullensvang formannskap handsama rapporten frå Sørheimutvalet i møte den 21. januar og gav slik samrøystes fråsegn:

Generelle merknader:

- ✓ Ullensvang herad støttar i hovudsak endringsforslaga. Særleg viktige og positive endringar er det nye distriktspolitiske tilskotet, endringa i tidspunktet for registreringa av folketalet slik at ein unngår store negative endringar i budsjettåret, og inntektsgarantien.
- ✓ Det er svært viktig at endringane i inntektssystemet vert sett i verk frå 2009, ytterlegare utsetjingar vil ikkje vera akseptabelt.
- ✓ For å letta gjennomføringa av endringane for kommunar som vil få negative endringar som følgje av omlegginga, må kommunesektoren tilførast auka midlar gjennom dei frie inntektene.

Til enkeltpunkt:

Skatten sin del av kommunane sine inntekter.
Ingen merknad.

Nivå på og utforming av inntektsutjamninga.

Støtte til mindretalsframlegget om ei meir omfattande utjamning av skatteinntektene. Subsidiær støtte til fleirtalsframlegget om å halda på dagens modell, men slik at den symmetriske inntektsutjamninga vert auka frå 55 til 60 prosent.



Selskapsskatten som kommunal skatt.

Støtte til forslaget om at selskapsskatten vert avvikla som kommunal skatt, og at den delen av skatten som selskapsskatten i dag utgjør, vert lagt på skatt på alminneleg inntekt og formue.

Regionalpolitisk grunnlegjende tilskot innanfor inntektssystemet.

Støtte til fleirtalsforslaget om eit nytt distriktspolitisk tilskot.

Behovet for eigne tilskot til vekst- og fråflyttingskommunar

Støtte til framlegget.

Storleiken på skjønssramma innanfor inntektssystemet

Støtte til framlegget.

Ordninga med oppdatering av folketal i utgiftsutjamninga

Støtte til framlegget.

Behovet for overgangsordningar i inntektssystemet

Støtte til framlegget om inntektsgaranti på kr 300 pr. innbyggjar.

Med helsing
Ullensvang herad


Sofrid Borge
ordfører


Tone Tveito Eidnes
rådmann

Sakshandsamar sin tlf: 53671585
Sakshandsamar si e-postadr.: haakon.gronsdal@ullensvang.herad.no